

Korleis skal helsepersonell kommunisere med kommunane når pasienten ikkje er innlagt?

For helsepersonell på poliklinikk når pasienten har kommunale tenester, og det skal sendast informasjon til utøvande sjukepleiar i kommune.

Kva brevtypar kan du sende frå DocuLive?

Bruk *Brev om pasient*, både sjukepleie/miljøterapi og lege/behandlar alt etter lokale rutinar. Du kan også lage *B1 Brev av notat (lege)*. (Ikkje brev av sjukepleienotat – det sendast ikkje elektronisk!)

Retts adressat:

Sykepleietjeneste eller *Psykisk kommunehelsetjeneste*, vurder kopi til fastlege og pasient (med mindre pasienten nektar).

Innhald i brevet:

Kva helsehjelp er gitt?
Kva vurderingar er gjort?
Kva er nytt?
Kva er planen?
Kven har ansvar for å følge opp kva? (Pasient/sjukehus)

For helsepersonell på poliklinikk når ein ber om vurdering av helsehjelp i kommunen.

- Om pasientar ikkje har kommunale helsetenester frå før.
- Om pasientar har kommunale helsetenester frå før på andre område, og det er vurdert endring i behov for helsehjelp.

Obligatorisk:

- Beskriv funksjonsområdet du har vurdert at pasienten har behov for hjelp til.
- På vegne av pasienten skal du formidle helseopplysingar som grunnlag for vurdering av tiltak i kommunehelsetenesta. Du kan ikkje *bestille* tenester i kommunen.
- Pasienten sitt samtykke må dokumenterast i brevet, kommunen kan ikkje behandle dette utan.
- Pasienten sitt telefonnummer og eventuelt pårørande viktig slik at dei lett kan ta kontakt.
- Dersom meldinga må handsamast same dag eller har annen grad av hast, **må** det supplerast med telefonsamtale.
- Varsle så tidleg som mogleg på dagen! Saksbehandlartenesta er bemanna til 08-15 på kvardagar. Skap rom og tid til samhandling.
- Dersom di vurdering av behov for helsehjelp er eit avsnitt i ein epikrise eller et anna brev, skal dette trekkast ut og skrivast (kopierast) i eige brev slik at det du har å formidle til kommunen kjem tydelig fram.
- Bruk *Brev om pasient*, både sjukepleiar/miljøterapeut og lege/behandlar, alt etter lokale rutinar. Du kan også lage *B1 Brev av notat (lege)*. (Ikkje *Brev av sykepleienotat*, det sendast ikkje elektronisk!)
- Send til Saksbehandlertjeneste i rett kommune.
- Alltid-kopi til fastlege og pasient (med mindre pasienten nektar).
- Oppmode pasient og/eller pårørande til å ta kontakt med saksbehandlartenesta. Dersom dette ser ut til å bli vanskeleg, beskriv kva situasjonen er.

For saksbehandlar i kommunen:

Når ein ber om nye, eller endring av tenester.

Eit klinisk brev av notat frå sjukehuset som er adressert til *Saksbehandlertjeneste* skal ein forstå som ein "søknad" om nye eller endra tenester. Dersom pasienten ikkje har tenester frå før, er det kommunal saksbehandlar som vurderer behov og eventuelt etablering av nye tenester. Brevet er ikkje ei bestilling, men formidlar ei vurdering som helsepersonell på poliklinikk har gjort i samråd med pasienten og/eller pårørande basert på eit identifisert behov.

Tenestene i kommunen **skal ikkje** svare på brevet med *Forspørsel* eller andre meldingar! Det er ingen som finn svarmeldinga igjen når journalen er lukka på poliklinikken. Ta kontakt med pasienten for utfyllande opplysningar.